



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28.mai 2014
Ark nr. : 1 av 15

Oppgave 1 Samansette tekstar

Denne oppgava har ei tredeling. I den første delen vil eg gjere greie for kva ein samansett tekst er. Her vil eg trekkje inn ulik teori som omhandlar samansette tekstar. Eg vil også dra inn eksempel frå pensumlitteraturen der det høver. I del to skal eg sjå nærare på det vedlagte oppslaget frå "Norge i krise. De harde 30-åra" av Harald Skjønberg og sjå på samspillet mellom dei ulike modalitetane. I siste del vil eg sjå på korleis eg kan bruke teikneserieromanen "Apefjes" av Sigurd Mostue som tekst i skulen.

I pensumlitteraturen vert omgrepet samansett tekst og multimodal tekst brukt omkvartandre. Elise Seip Tønnesen i "samansette" tekstar definerer ein samansett tekst som ein tekst som er satt saman av ulike modalitetar og der modalitetane framstår som ein heilskap og slik skapar ei meining. Ein modalitet vil sei ein uttrykksmåte, som t.d. bilete, tekst, lyd, layout, typografi



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 2 av 15

dramaturgi eller levande bilete. Ordet modalitet kjem frå det engelske ordet mode som tyder måte. Dei ulike modalitetane har ulike måtar å uttrykkje informasjon på. Når dei ulike modalitetane, som t.d. tekst og bilete, opptrer saman oppstår ei meining som er ei anna enn når tekst og bilete står åleine. Ein multimodal tekst treng ikkje innehalde skriven tekst, men gjer gjerne det.

Bildebøker er sett saman av tekst og bilete og gjerne andre modalitetar, og vil derfor vere ein multimodal tekst. Dei fleste fagbøker vil også vere multimodale tekstar. Det gjeld dei fagbøkene me har på pensum som f.eks. "Ekspedisjon Brasil". Her gir tekst, bilete, tabellar, teikningar og anna ein heilskap som saman gir utfyllande kunnskap om Brasil.

Teikneserieromanen "Apefjes" er eit anna eksempel på ein samansett tekst på pensumlista vår. Boka er sett saman av bolkar med forteljande tekst og lengre teikneserisekvensar, der tekst og bilete/teikningar verkar saman. Eg vil også trekkje fram filmen "Himmelen bak huset" som ein



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 3 av 15

multimodal tekst. Filmen har bildeboka „Himmelen bak huset“ av Gaute Heivoll som utgangspunkt og her ser vi verkeleg korleis tekst, lyd, scenografi og dramaturgi er sett saman til ein heilskap, og uttrykkjer ei meining.

Skjermtekstar er i dei fleste tilfelle multimodale. Dei kombinerer tekst, bilete, lyd, film osv. som saman blir ein heilskap. Skjermtekstane kan også vere hypertekstar, som har klikkbare ord og bilete som skal utdjupe teksten.

Dei ulike modalitetane har ulike uttrykk og passar til å formidle ulike ting. Me seier at dei har ulik affordans. Ordet affordans kjem av det engelske ordet afford og tyder „ha råd til“. Slik er det også med modalitetane. Dei har „råd til“ ulikt eller sagt på ein annan måte; dei har ulike muligheter og begrensingar. Bilete har ein styrke i det å formidle stemning og følelsar. Det ein ser umiddelbart ved å kaste eit blikk på bildet, må ein bruke mange ord for å formidle i ein tekst. Bilde gjer oss også mulighet til å identifisere oss med det som vert formidla, vi



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 4 av 15

kan kjenne oss igjen eller få assosiasjoner til tidlegare erfaringar.

Tekst ~~er~~ har ein styrke i å formidle konsis informasjon, sakleg og rett fram. Vi kan her snakke om ei funksjonell spesialisering når forfattarane utnyttar modalitetane sine ressursar og lar dei uttrykke det dei er best på.

Anne Løvland snakkar om at tekst og bilete kan utvide eller utdjupe kvarandre. I pensumartikkelen "Kva kjenneteikner ein samansett tekst?"

Når tekst og bilete utdjupear kvarandre får vi ei presisering av informasjonen. I det kan vi i et familiealbum finne bilete av ein gut. Under biletet står det "Per". Då konstaterer teksten at dette er Per og ikkje ein yngre bror. Når tekst og bilde utdjupear kvarandre seier dei ulike ting og vi får ein ny meining i samspillet mellom dei.

Når modalitetane overlappar kvarandre oppstår redundans. Bilete og tekst seier det same, gir same informasjon, og slik oppstår ei overlapping. I framstillingar mynta på yngre og meir uerfarne lesarar, ser vi at forfattaren bruker redundans. Då vil tekst og bilete som seier det same gje støtte til



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 5 av 15

lesaren. For meir erfarne lesarar vil sterk redundans gjere teksten lite utfordrande. Ein treng tomrom i tekster for å engasjere. Tomrom i teksten gir også lesaren moglegheit til å kunne leggje eigne erfaringar i teksten.

I nokre tilfelle vil vi sjå at ein av modalitetane bærer hovudvekta av informasjonen. Vi snakkar då om at modaliteten har funksjonell tyngde. Tradisjonelt har ein i skulen vektlagt tekst som sentral informasjonsformidlar. Det ein ser i dag er at svært mykje informasjon vert formidla gjennom bilder og visuelle media. Det er derfor viktig å styrkje elevar sin kompetanse til å lese ulike modalitetar og ikkje minst lese samspillet mellom dei. Det kan vere vanskeleg å skilje dei ulike modalitetane frå kvarandre i ein samansett tekst fordi dei er så vevd inn i kvarandre, men dersom ein erstattar ein av modalitetane med ein annan vil ein sjå at eit anna uttrykk oppstår.

Teo van heewen har sett på Korleis modalitetane spelar saman.



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 6 av 15

Han set opp rytme, kommunikasjon, informasjonskobling som viktige stikkord. I ein samansett tekst vil måten modalitetane vekslar seg imellom utgjere rytmen i teksten. Bildebøker har denne vekslinga i at ein gjerne avsluttar stillereit eit spørsmål på venstre side av oppslaget, blir ein om, vil bilde på høgre side vere svar på oppslaget framfor. Den same vekslingar har vi også i teikneserieromanen „Apefjes“. Her har Mastue veksla mellom å formidle forteljinga gjennom reine tekstbolkar og lengre teikneseriefrekvensar gjennom heile romanen.

Kommunikasjon vil seie korleis modalitetane kommuniserer med lesaren og informasjonskobling korleis modalitetane er sett saman for å uttrykke informasjon. Her vil layout vere viktig, at den teksten som skal utdjupe eit spesielt bilde står i tilknytning til ~~til~~^{det} bilde. Også at bilde og tekst står i eit samspel og har ein dialog har innverknad på samspillet mellom modalitetane.

Eg skal no sjå nærare på Harald Skjønberg sin fagtekst: „Norge i krise



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 7 av 15

De harde 30-åra" fra 2003. Denne fagboka tek for seg ein epoke i norsk historie som er vanskeleg tilgjengeleg for mange barn og unge. Slik sett er det eit smalt emne som Skjønnsberg prøver å tilrettelegge for lesaren på best mulig måte. For å gjere det brukar han dei verkemiddela han har og lar dei ulike modalitetane ta sin bit av informasjonsformidlinga.

Utdraget tek for seg korleis det var å vere ung på 1930-talet og forfattaren ser nok for seg ein implisitt lesar ungdomsalderen. Skjønnsberg vil engasjere lesaren ved å ta utgangspunkt i emne som er nært knytt til ungdommen, slik som skulegang, fritid og forlovelse. Teksten stil ein del spørsmål som lesaren må tenkje vidare på, slik som: "hvordan skulle man kunne skaffe seg et sted å bo når man ikke hadde lønn?" Andre spørsmål blir besvart i og med at dei er overskrift til avsnitta, og avsnitta gjer eit forsøk på å gi et svar på t.d. "Hva om man ble forlovet?" Teksten er informativ og faktabasert men prøver heile tida å dra parallellar til dagens ungdom



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 8 av 15

sin situasjon og dreg fram korleis det var på tredvetallet med hensyn til musikk, film og utdanning.

Sambidig som emna Skjønberg dreg fram henpeglar på dagens ungdom, viser teksten og informasjonen som blir dratt fram tydelege kontrastar. Ikkje mange ungdom i dag tenkjer tenkjer at forelsking betyr giftemål.

Bileta forfattaren har valt ut viser tydelege kontrastar til før og no, samstundes som likskap blir dratt fram. To bilete av ungdom som er samla på fritida er plassert at med kvarandre. Sjølve om klesstil og samværform er endra viser bileta at ungdommen gjerne opptrer i grupper. Bileta lengst til venstre og ytterst til høgre viser kontrast mellom kva telefonen var før og no. For ungdommen vil biletet av jenta med mobiltelefonen vere gjenkjennelig. ^{Dette pass i at} ~~Sjåte om~~ utviklinga går svært fort, og på dei ti åra sidan denne boka vart utgitt har mobiltelefonane endra utsjånad mykje.

På dette oppslaget vil teksten uttrykke fakta, bileta vil gje oss ein ide om stemninga på 30-tallet og kor langt vi må tilbake i tid.



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 9 av 15

Kontrastar finn vi også der bilete av betalingskort og pengesettlar frå 1930-talet er samanstilt.

Teksten som står til biletet utdjupar meiningssinnhaldet: "Pengesedler frå 1930-årene og to av vår tids mest benyttede ~~betalingsmiddel~~ betalingsmidler, kredittkortene VISA og Mastercard." Når tekstutdraget frå ei avis i skrivemaskintypografar er samanstilt med bilete og bilettekst utvidar det meininga. Pengebiletet saman med teksten "Vi har nu vært forlovet i seks år, hun er 27 og jeg 28, men vi har ikke håp om å kunne gifte oss på enda noen år" fortel oss at dårleg råd var årsak til at dei ikkje kunne gifte seg. Det blir eit eksempel på utviding av tekst / bilete. Layouten eller informasjonskoblinga gir denne meininga.

Både bilete og kontrastane som blir brukt viser oss at vi skal tilbake i tid. Men også typografien som er valgt henspelar på eldre tider. Skrifttypen minner om typografi frå gamle aviser og skrivemaskinskrive tekst. Denne skrifttypen gjer kanskje ikkje ein yngre lesar desse spesielle assosiasjonane, men for ein eldre



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 10 av 15

lesar vil ~~desse~~ denne samanhengen oppstå.

I høve til layout, eller utforma utforminga av oppslaget, ser vi at sidene er delt i to med ei brei stripe med bilde øverst. Bildeteksten er plassert både over og under bildestripa. Tekstbolkane er små og har luft mellom, slik at tekstmengda ikkje verkar overveldande. Eg vil sei at tekst og bilde er nokolunde likt vekta, slik at vi ikkje har noko funksjonell tyngde.

Vi ser eit eksempel på overlapping på oppslaget med avisutdraget i store maskinskrivne fontar og bilde av pengesettlar og kort i bakgrunnen. Dette utgjør ein meningsberande heilskap som vi ikkje hadde fått om elementa var plassert frå kvarandre.

Vi ser også eksempel på at forfattaren bruker narrative grep når han diktar vidare på faktautsagnet om at alle telefonsamtalar måtte gå via ein lokal telefonentral. Sjøtte om det nok er tilfelle at telefonborddamene lytta til seg mange hemmeligheter som blei ybra over telefon, framhevar



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 11 av 15

forfatteren denne antakelsen og gjer det interessant.

Til den siste delen av oppgåva der eg skal reflektere over korleis eg vil arbeide med teksten i skulen, har eg valgt teikneserie-romanen "Apefjes".

Eit kompetansemål i norsk etter 10. årstrinn er at elevene skal kunne "lese og analysere et bredt utvalg tekster i ulike sjangere og mediet på bokmål og nynorsk".

Teikneseriar er ein sjanger som ikkje har blitt vektlagt i særleg stor grad i norsk skule. Når gutar skal velge lesestoff er det ofte teikneseriar dei velger. Leseundersøkingar viser at gutar ligg etter jentene i lesekompetanse og at ein av grunnane er at dei ikkje les på fritida. Det viser seg også at den litterærekanon ~~me~~ som blir brukt i skulen ikkje appellerer til gutar i særleg grad. Eg meiner at teikneserieromanen "Apefjes" kan vere ein inngangsport for gutar til å lese skjønnlitteratur i og med at denne romanen har avgrensa tekstkapittel vekslende med teikneseriedelar. Det å mestre å



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 12 av 15

Les ei bok kan vere ein seier for mange og slik vere starten for andre skjønnlitterære tekstar.

Eg vil derfor bruke „Apetjes“ som ein lesestimulerande tekst.

Eg vil også bruke teikneserieromanen til å sjå nærare på samansette tekstar. Mange elevar (og gutar)

har tekstkompetanse når det gjeld teikneseriar når det gjeld lesinga av dei. Det mange kanskje manglar er kompetanse i å ~~lese~~ sjå kva bilte

teikneseriar ~~ut~~ kan uttrykje i maktetråd til tekst. I Apetjes er det tydeleg at den skjønnlitterære teksten uttrykkjer indre tankar og følelsar, og stoppar opp handlinga.

Teikneseriedelen viser framgang i handlinga og formidlar action.

Ein kan også sei at teikneseriedelen viser handlinga sett utanfrå, medan ^{i den} skjønnlitterære delen får vi hovudpersonen sitt syn på det som skjer.

Ein kan her lett sjå at forteljaren ikkje er heilt til å stole på, at det er hovudpersonen sitt syn som kjem fram.

Ved å sjå på dette samspillet kan vi hjelpe elevene til å oppnå eit anna mål frå kunnskapsløftet :



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 14 av 15

Dette samsvarar med det Smith og Wilhelmsen framstiller som læsestimulerande tiltak for gutar: forlesing og sosial samanheng. Gutane tener på å møte forlesingsstimulerande aktivitetar og å snakke om teksten etterpå. Dersom lesegruisten vert lent hos nokon, vil dei påverke kvarandre positivt.

Når eg no har framhaldt stimulering av gutar er det ikkje ~~at~~ fordi at vi skal glemme jentene. Men sidan gutane i dag ligg etter har vi i skulen eit særleg ansvar for å dra disse med oss vidare. Elevarne skal lære å tolke og analysere tekstar og sjå forleis ulike delar i samansette tekstar spelar saman. Dei skal også møte eit breitt utval tekstar i skulen.

Elise seip Tønnesen framheld at ein bør byggje på den tekstkompetansen ungdom har - til å lære dei meir om tekst i skulen. Ho vil gjerne dra inn tekstar som dataspel og skjermtekstar i klasserommet. Astrid Røe meiner også at det er viktigare at elevarne (les gutane) les enn kva dei les. Men ho er ikkje einig i at



Emnekode : SK-101
Kandidatnr. : 6045
Dato : 28. mai 2014
Ark nr. : 15 av 15

dataspel er vegen å gå. Eg meiner at ein må møte ungdommen på det dei interesserer seg for, og når ein kan bruke teikneserie som utgangspunkt for å dei noko om samansette tekstar har ein større sjans for å nå fram. Men det betyr ikkje at ein ikkje skal utfordre elevene og gje dei mange ulike tekstar. Både gutar og jenter treng å lese skjønnlitteratur for å kunne leve seg inn i andres situasjon, og slik utvikle empati. I "Apefjes" får du litt roman og litt teikneserie - eit godt utgangspunkt for lesestimulering og læring kring tekstar.